


# På kyrkjebakken

Redaksjonsnemnd: B. Haukanes, A. R. Hauge og B. Bødker



## frå kyrkjeboka



### Døypte

18.11.

- Thage Ulland Haukenes  
- Sverre Dalen Seime Gjerde  
- Astri Edith Elisabet Ådland  
- Rina Utskot Steinsland  
- Tyra Kolvik Vaular

25.12.

Sigurd Erdal Klausen



### Døde

12.11

Bjørg Jenny Herland

15.11

Nils Edvard Ulland

27.11

Ruth Solberg

4.12

Alfred Fanebust

6.12

Gunhild Holdhus

8.12

Haldor Vaage

24.12

John Pedersen

10.1

Marta Dyrhovden

15.1

Kristina Jørgensen

15.1

Torbjørn Solberg

25.1

Even Trengereid

## kyrkjekalenderen

### Februar

Søn.3. kl. 11.00 - Ådland

#### Gudsteneste

Nattverd

Føresongarar tek del

Søn.10. kl. 11.00 - Haga

#### Gudsteneste

Pred: Kristian Jørgensen

Liturg: Inge Aasgaard

Søndagsskule

Søn.17. kl. 11.00 - Ådland

#### Familiegudsteneste

Dåp

Søn.24. kl. 18.00 - Haga

#### Storsamling

Nattverd

## Alphamiddag i kyrkja



Det nyet året tok til med ein fest i kyrkja på Haga: 8. januar var borda duka bak i kyrkja, i det som me kallar "kyrkjesalane". Konfirmantane var med og laga til og serverte, medan foreldra deira var spesielt inviterte til festen. Alphakurset vart presentert, som seg hør og bør på ein

Alphafest. Det var song og bordkonkurransar og "konferansier" Inge Aasgaard hadde mange små historiar på lager som fekk låtten fram hjå festlyden. Med heime-laga lasagne, salat, heimebakt brødmatt og kakebord etterpå, var også det "matlege" på plass for ein trivelg fest. Og triveleg

vart det – og det på ein heilt vanleg tysdagskveld! Ein del tok i mot invitasjonen til å vera med på Alphakurs etterpå, så dei møtest om måndagskveldane



Konfirmantane lagar fruktputsj til gjestane

10 veker framover.

ALPHA står for:

Alle som leitar – ein stad for søkjande menneske.

Læring og latter – humor og alvor.

Pasta og Pizza – måltidsfellesskap.

Hjelpa kvarandre – samtaler i små grupper

Alt du vil vita – Tru og tvil.

Ingen spørsmål er for dumme.

## RIK BIBELDAG!

*Bind oss fast til Ordet, Herre, bind oss fast med kjærleiksband. Los oss gjennom alle stormar med di sterke frelsarhand. Inga makt på denne jord kan, trass all si kløkt og visdom, stå seg mot ditt sanningsord.*

"Bind oss fast til Ordet", heiter det i eit av Haldis Reigstad sine dikt. Dette var med og løfta Ordet fram på Bibeldagen i kyrkja på Haga. Haldis og Asle Reigstad var med oss denne dagen, og berika fellessamlinga med trompetspel, diktlesing og tale. Fire av Haldis sine tekstar som nyleg var sett tone til av Eilert Tøsse, vart framført for første gong av Inger Odland.

Asle peika på at Bibelen framleis er med og forandrar folk og land. Han siterer "Roman", ein fange som fann Gud gjennom ein Bibel i fengselet, og fekk eit nytt liv, - og grunnleggjaren av UIO som har skrive "Verdens viktigste bok" om korleis Bibelen framleis har noko å gje i alle land med alle slags problem. Guds ord har ikkje misst si kraft, - Evangeliet har "sprengkraft" også i dag! Men ein kjend baptistleiar sa det slik: "Den beste Bibelomsetjinga var mor mi, ho oversette Bibelen i livet sitt" Og dette er kanskje den oversetjinga som vert mest lesen, minna Asle



Haldis og Asle Reigstad var gjestar på Bibeldagen. (Arkivbilette)

om: Det andre kan sjå i våre liv, i måten me møter folk på.

Likninga om ugraset i kveiten, var preiketekst. (Matt.13,24-30) Bonden sår gode frø, men uvenen hans sår ugras i åkeren om natta. - Kva skal me gjera, seier arbeidarane, - skal me luka? - Nei seier bonden, - då kjem me til å riva opp kveiten saman med ugraset. Me må venta til det er utvakske når me skal hausta, så kan me skilja dei åt.

Der Gud sår, sår også den vonde, seier Asle. Og fienden kan te seg på ulikt vis, han er både forkledningskunstnar, manipulator og stundom brølande. Åkeren kan både vera verda og oss sjølv. Fi-

enden kan så i oss også. Då gjeld det at Gud må få overtaket. - Og ein ting veit eg, seier Asle med eit smil. - Gode vekster treng stell for å overleva, medan ugraset gror heilt av seg sjølv! Så stell hjarteåkeren din gjennom Guds ord, bøn og stadig innviing til Jesus.

Så fortel Bibelteksten oss også at dommen høyrer Gud til. Opp gjennom historia har mange "reinsingar" vore gjort for å skapa "reine" kyrkjelydar. Me må vakta oss for slike ting. Mange grunnar og på ugras i sitt eige liv. Då kan me be Gud om hjelp, som salmisten i salme 139. Elles må me hugsa at i dommen er det det Jesus gjorde som gjeld.

Og heldigvis er "Såmannen" ein meister til å bruka ting i si teneste, til å ofte venda det vonde til noko godt til slutt.

Dette var nokre av tankane som kom fram i tala på Bibeldagen. Elles gjorde musikk, tonar og ord sitt: Ein Bibeldag utanom det vanlege – i ei heilt vanleg gudstenesteråme.

## Babysong



Babysong er starta opp att! Me syng, dansar, leikar, kosar, trallar, snakkar saman, et i lag og har ei veldig kjekk stund saman med babyane.

Det held stad i Haga kyrkje annakvar måndag kl.11-12.00.

Datoar fram til sommaren er: 4.2. - 18.2. - 4.3. - 18.3 - 15.4 29.4 - 13.5 - 27.5 og 10.6.

Vel møtt!